



Sakspapir

Saksnr:	Utval:	Dato
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	<i>Per Lerøy</i>	
Arkivsaknr.:	18/719	Klassering:

Austrheim vidaregåande skule - Planlegging av framtidias skule

Vedlegg:

Fensfjorden Vidaregåande skule Fylkespresentasjon
Resolusjon frå årsmøtet Utdanningsforbundet Austrheim
NYE AVS MAPPEmindre
Fylkestinget sine vedtak om Austrheim vidaregåande skule
20170327111834

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune ber Hordaland fylkeskommune setja av midlar i budsjett for 2019 til å planleggja utforminga av framtidias skulebygg ved Austrheim vidaregåande skule.

Saksopplysningar:

Austrheim vidaregåande skule vart starta opp i Mastrevik i 1978 som ein filial under Nordhordland yrkesskule. I 1979 vart skulen ein sjølvstendig skule. I dag har skulen om lag 240 elevar fordelt på studiespesialisering og yrkesfag. Bygga ved skulen er tidlegare verkstad-, kontor- og butikklokale som er bygd om til undervisning. Fleire av lokala er lite eigna til føremålet og har dårleg inneklima. Skulen har ikkje helsevern godkjenning. Skulen sin historikk og kampen for å få på plass nye undervisningslokale ved skulen finn ein i den vedlagte presentasjonen frå 2010.

Trass i at det er utfordringar knytt til skulebygga ved Austrheim vidaregåande skule, hadde skulen 12% fleire søkjarar inneverande skuleår enn i fjor. Dette viser at mange elevar ønskjer å ta vidaregåande utdanning på sin nær-skule. På det meste har skulen hatt om lag 400 elevar og det vil vera fullt mogeleg å koma opp att i dette elevtalet dersom fylkeskommunen legg tilhøva til rette for det.

Elevane ved skulen kjem i hovudsak frå kommunane Austrheim, Fedje, Radøy, Masfjorden, Gulen Solund og Lindås. Hordalandsavtalen har sikra elevar frå Solund og delar av Gulen utdanningstilbod ved skulen. Det går eiga båtrote frå desse kommunane til Mastrevik, noko som gjer at mange elevar frå desse kommunane kan ta vidaregåande utdanning utan å måtte flytta på hybel. Det same gjeld for elevar frå Fedje og delar av Masfjorden, som ved å nytta seg av ordinære ferje og bussruter har eit utdanningstilbod ved Austrheim vidaregåande skule som dei kan dag-pendla til.

Nordhordland, Gulen og Solund dekkjer eit landareal på meir enn 2000 km², noko som er meir enn fem gongar Bergen kommune sin storleik. Dette området har i overkant av 37 000 innbyggjarar. Regionen har hatt ei strek næringsutvikling dei siste 40 åra, der svært mykje av utviklinga har skjedd innan olje og gass og marin sektor. Dei siste åra har særleg områda kring Fensfjorden vore prega av sterk industriell vekst med ilandføring av olja frå Johan Sverdrupfeltet til Equinor Mongstad og utvikling av næringsområda på Mongstad, i Sløvågen og Skipavika. Dette gjer at trongen for faglært arbeidskraft og folk med høgare utdanning er stor både innan privat og offentleg sektor.

Opplæringskontoret for Nordhordland er eit tverrfagleg opplæringskontor med godkjenning i om lag 40 fag og 107 medlemsbedrifter. Nordhordland Næringslag har meir enn 350 medlemsbedrifter. Både Opplæringskontoret for Nordhordland og Nordhordland Næringslag samarbeider med dei vidaregåande skulane i regionen, kommunane og Regionrådet for å sikra eit godt og tilpassa vidaregåande utdanningstilbod i regionen. Nordhordland Næringslag driv for tida to prosjekt knytt til vidaregåande opplæring. Det eine er eit samarbeidsprosjekt mellom NHNL, Regionrådet og HFK, der målet er å kartleggja framtidens utdanningsbehov. Dette prosjektet vert leia av UiB. Det andre er eit prosjekt som NHNL driv i eigen regi, med mål om å skaffa læreplassar til alle yrkesfagelevar ved skulane i Nordhordland. Begge prosjekta skal vera ferdige i 2019. Målet er at utdanningstilboda i regionen skal spegla privat og offentleg sektor sine behov for framtidig arbeidskraft.

Fylkestinget i Hordaland har både i inneverande og førre periode samrøystes vedteke at Austrheim vidaregåande skule skal oppretthaldast. Vedtaket i inneverande periode er knytt til regionreforma og samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane, ei samanslåing som Stortinget har vedteke. Eit fleirtal i fylkestinget fatta i 2016 også vedtak om at Lindås tannklinikk vert flytta til Austrheim vidaregåande skule når ny skule står ferdig. I og med at Nordhordland med Gulen og Solund er eit område med store avstandar, vil det vera store føremoner for elevane både ved Knarvik vidaregåande skule og Austrheim vidaregåande skule at det i framtida vil vera offentlege tannklinikkar på eller like ved skulane.

I det nye storfylket vil Austrheim vidaregåande skule vera sentralt plassert som den einaste vidaregåande skulen mellom Knarvik og Dale i Sunnfjord. Skulen vil såleis dekkja eit stort geografisk område i det nye fylket.

I fylkesrådmannen sin investeringsplan (Justert investeringsoversikt SBP 2017 – 2030 – 05.10.2016) ligg det inne investeringsmidlar på 247 millionar kroner til Austrheim vidaregåande skule i perioden 2023 – 2027. Både kommunane og næringslivet i regionen ønskjer at desse investeringane vert framskunda. Både i 2010 og i 2017 har det vorte lagt fram planar og teikningar som viser korleis området i Mastrevik kan utviklast til eit moderne og framtidsretta skuleområde. Deler av området i Mastrevik er regulert til undervisningsføre mål. Både offentleg og privat sektor har stilt seg bak desse planane.

Konklusjon:

Austrheim kommunestyre viser til det gode arbeidet som vert gjort i regionen med vidaregåande opplæring og til vedtaka som er gjort av to fylkesting og ber om at arbeidet med å realisera ei utbetring av Austrheim vidaregåande skule vert framskunda. Austrheim kommunestyre ber om at det alt for budsjettåret 2019 vert sett av planleggingsmidlar til Austrheim vidaregåande skule.

Sakspartar

